Nr. 4 juni 2009 - Årg. 24



# Bygdabladet for BOKN



St.Hans – s. 14/15



Etablerer seg – s. 2



Offensiv kunstnar – s. 6



Vis respekt – s. 10

www.bygdabladet.no

KJEKT PÅ BOKN

# NAV Bokn etablerer seg

Jardar Havikbotn

**18. juni blei tenester frå trygde-, arbeids- og sosialkontoret samla på eitt kontor. Unn Amundsen Mustaparta er leiar for NAV Bokn.**



NAV-leiar Unn A. Mustaparta

2. mars tok 40-åringen frå Kolnes fatt på den nye stillinga om å leia etableringa av kontoret, ein jobb som etterkvart går over i å leia arbeids- og velferdsforvaltninga i Bokn. I tillegg til administrasjon og økonomi set ho stor pris på den kontakten ho får med brukarane under oppfølginga. Det synest trebarnsmora er veldig kjekt og givande.

**Nettverk**
Folk i Bokn skal kunna koma til NAV Bokn med alt som er knytta til trygd, sosial og arbeid.
- Viss ikkje me kan svara på ting der og då, er det alltid noen me kan kontakta innad i NAV-systemet som kan vera behjelpelige, seier NAV-leiaren.

Sjølv om kvar kommune har sitt eige NAV-kontor, er det interkommunale samarbeidet knytta tett saman. Bokn utfører t.d. forvaltningssaker for Karmøy og NAV Bokn skal vera med i eit samarbeid med NAV haugesund i lag med NAV Utsira. Det lokale kontoret i Bokn skal m.a. få seg videokonferanseutstyr og kobla seg opp til Haugesund, og kan t.d. ha brukarar med på samtalar med veiledarar i Haugesund.

1. september blir det festivitas og offisiell opning av NAV Bokn. Noko planlegging gjenstår og meir informasjon vil koma etter ferien.
- Opninga av NAV-kontoret vil på fleire måtar symbolisera det samarbeidet som har vore mellom kommunen og NAV Rogaland for å få dette på plass – ein lang prosess frå hausten 2006 og fram til i dag, fortel ho.

**Brei og variert yrkeserfaring**
Unn er utdanna Cand.mag. og har har treårig sosionomutdanning og toårig økonomi/administrasjonsutdanning. Yrkeskarriera begynte i hovudstaden, på sosialkontor. Så arbeidde ho på ein rusinstitusjon for kvinnelege rusmisbrukarar i Drøbak før ferda gjekk vestover att, nærare bestemt til Vindafjord. Der var ho avdelingsleiar ved Vindafjord aktivitetshus i Sandeid, og jobba med menneske med psykisk utviklingshemming.

I Haugesund arbeidde Unn på oppvekstheimen Ginabakken før ho begynte i barnevernet i byen. Etter nesten fire år lokka den nyoppretta stillinga som NAV-leiar i Bokn. Ho synest det er spennande og interessant med NAV-reformen, dessutan trivst ho svært godt på Bokn.
- Mange kjekke folk her og trivelig miljø, smiler ho.

Den entusiastiske dama er i dag busett på ein gard på Førland saman med mann og barn. Dei kjøpte eit nedlagt gardsbruk i 2001 og bygde m.a. hus og driftshus, og begynte med sauer.
Fleire lesarar av Bygdabladet har kanskje sett NAV-leiaren på scenen i gymsalen gjennom fleire år. Ho spelar nemleg kornett i Bokn Brass/Rustne Horn. Unn likar også å trena, gå turar i skog og mark og vera saman med venner og familie. Ikkje minst er ho glad i dyr.
- Sauene er borte nå, men me har katt, forsikrar ho.

**Utfordringar**
NAV har fått ein del negativ omtale, særleg det siste året, og for ikkje lenge sidan refs frå Arbeidstilsynet for dårleg arbeidsmiljø pga. høgt arbeidstempo for å realisera reformen. NAV Rogaland har imidlertid ikkje slite med problem i like stor grad som nokre av dei andre fylkene. T.d. har saksbehandlingstida vore kortare.

Tanken med NAV er at brukarane skal kunna banka på ei dør og få den hjelpa dei treng, utan å måtta vandra frå kontor til kontor. Dei tre personane ved NAV Bokn skal i utgangspunktet kunna ta i mot dei same brukarane. Unn meinar at dette vil fungera veldig bra, og snakkar om den store erfaringa Ragnhild Ognøy og Reidar Alvestad har. Ei samansmelting av ulike typar røynsle vil skapa eit sterkt NAV Bokn.

# Bygdabladet for BOKN

**www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no**

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 350,- pr. år, 500,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

**Redaktør:** Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

**Medarbeidarar:** Elisabet Taraldlien og Annette Bokneberg

**Bygdabladnemnd**
Johannes Nilssen
Ellen Nedrebø
Lars Norekvål

**Gjeldande annonseprisar**
Heilside kr. 625,-
Halvside kr. 375,-
Kvartside kr. 188,-
1/8 side kr. 125,-
Privatann. kr. 62,-
Fastann./fargeann. etter avtale




Stort forsidebilde:

Raude flammar helsar blå himmel

Foto: Kjetil Hamre

## God hjelp

Det er nå fleire i kommunen som jobbar fast med Bygdabladet. Annette Bokneberg tar seg i første rekke av praktiske gjeremål ang. annonser og abonnentar. Tidlegare har ho fleire gonger vikariert for meg.

Nå er det Elisabet Taraldlien som har ansvaret for å tilrettelegga bladet for trykking. All stoff og henvendelsar som kjem inn, enten det gjeld tips/idear, sjølvprodusert stoff eller annonser, skal gå via redaktøren. Til saman utgjer arbeidet med bladet 50%-stilling.

Eg er også glad for å kunna nytta Kjetil Hamre i oppsøkande journalistikkverksemd. Han skriv slik som berre ein ordkunstnar kan, for ikkje å gløyma dei flotte bildene.

Jonsok-artiklane s. 14 og 15 er eit godt døme på dette.

- redaktøren -



# O H A R ORDFØRAREN ORDET

*Kjære sambygding*

**Fleirbrukshall**
Det siste halvåret har gruppa som utredar ny fleirbrukshall i Bokn jobba tett saman med utvalet som skal vurdera utbygging av skule og barnehage. Gruppene har hatt fleire synfaringar på anlegg som kan danna grunnlag for eit nytt bygg i Bokn. Gruppene har også vurdert ulike tomtealternativ for eit slikt prosjekt. Men me er framleis berre ved startstreken for prosjektet. Det er ei rekke forhold som må ha ei avklaring før ein kan få ei endeleg politisk tilslutning til prosjektet.

Bygging av fleirbrukshall er ei stor sak i Bokn, og vil vera eit stort økonomisk løft for kommunen. Dette er ikkje utelukkande eit kommunalt prosjekt, men ei sak som vedkjem både lag og organisasjonar og boknarar flest. Difor er det viktig at ein kjører ein grundig og god prosess som inneber ei brei deltaking og involvering, og eit aktivt engasjement frå både lag og oganisasjonar i Bokn. Det vil vera ein avgjerande faktor for at ein skal kunne lukkast med eit så stort prosjekt.

Fleirbrukshall er eit godt og viktig prosjekt i Bokn, og har vore etterspurt i mange år.
Prosjektet bør likevel innordnast den økonomiske situasjonen i kommunen – utbygginga må ikkje i alt for stor grad gå ut over den kommunale drifta og dei kommunale tenestetilboda elles. Men med det engasjementet eg har sett, både i arbeidsgruppene og på bygda, har eg god tru på at me skal kunne lukkast med eit prosjekt som vil gjera det endå kjekkare å bu på Bokn.

**Samhandlingsreforma**
I juni la regjeringa fram samhandlingsreforma i form av ei stortingsmelding. Reforma har som mål at meir av helsetenestane skal føregå nærare der pasienten bur. Innbyggarane skal få fleire spesialiserte helsetenestar lokalt, både når det gjeld førebyggande helsearbeid, behandling og oppfylgjing av kronisk sjuke og eldre. Dette inneber at oppgåver skal flyttast frå spesialisthelsetenesta til kommunehelsetenesta.

Kommunane får også økonomisk ansvar for utskrivingsklare pasientar frå 2012. Regjeringa vil at kommunane skal få overført pengane det kostar å ha desse liggande på sjukehus. Føremålet er å gje kommunane ein økonomisk stimulans til å etablera eit billigare kommunalt alternativ.

Tanken bak samhandlingsreforma er god, og ei gjennomføring vil kunne gje samfunnet meir helse ut av kvar krone, meir likeverdig tilbod og betre tenestar der folk bur. Men det er også ei omfattande og kostbar reform, og slik eg ser det bør ikkje reforma bli gjennomført utan ordningar som avgrensar den økonomiske risikoen for små kommunar. Pasientar med ein samansett diagnose vil kunne gje urimelege utslag i økonomien i små kommunar.

For å kunne lukkast med gjennomføringa av samhandlingsreforma i Bokn, trur eg ein må bygga vidare på det gode og tette samarbeidet ein allereie har på Haugalandet. Med å inngå i eit stabilt, interkommunalt samarbeid i vår region, trur eg ein har kraft til å gjennomføre reforma etter intensjonen. Og på den måten også unngå kommunesamanslåing.

**God sommar!**
Starten på juni har vore opplyftande med sol og høge temperaturar. Og med slike vêrforhold blir ikkje behovet for å setja seg på syden-flyet like stort. Når sola skin kan eg berre stadfesta at Noreg er vårt nærmaste – og flottaste ferieland. Bruk nærområdene våre for det det er verdt i sommar. Bokn har mykje å by på, sannsynlegvis alle ingrediensene for dei gode ferieminnene; skjærgård med innbydande badeplassar, gode fiskevatn, turstiar, lynghei, kulturlandskap, fjell og vestnorsk skog. Og kanskje også nokre uoppdaga perler?

Ta på shortsen, fyr opp grillen og nyt det gode liv på terrassen. God sommar!

*Ordføraren*

# Lokal skikk og bruk på 1900-talet

Reidar Alvestad

**Ein gong for 10 - 15 år sidan fekk eg ei oppgåve på ein planleggingsdag for skulen å fortelja om lokale skikkar frå svunne tider.**

Bakgrunnen for dette temaet var nok ei målsetjing i skulen om at lærarane skulle læra elevane lokalhistorie og gje dei tryggleik og stolthet når det gjeld eigen dialekt og eigen heimstad. Lokale tradisjonar skulle dei få oppleva som sine eigne. "Når dei reiser ut frå Bokn til utdanning eller arbeid, skal dei ha med seg at det er i Bokn dei har røtene sine. Kanskje så sterke at mange vel å busetja seg i heimkommunen".

Temaet omfatta område som lag og foreningar, sosiale nettverk før og nå, skikkar som ennå vart haldne i hevd, litt om dialekten, det å vera innflyttar, møteplassar.

Det eg vil skriva litt om nå og i neste utgåve av bladet, er skikkar som har med slekt og familie å gjera, nemleg barnedåp, konfirmasjon, bryllup, fødselsdagsfeiring og gravferd, så får tida visa om det blir meir.

Eg var nemleg så heldig å fylgja bygdeboknemnda frå starten og ein del år medan eg hadde ansvar for kulturkontoret, og denne nemnda sat inne med utruleg mykje kunnskap. Når det gjaldt dei lokale skikkane som eg kjem tilbake til, var det Målfrid Kro Trosnavåg og Solveig Ellingsen som var informantane mine.

Seinare har eg fått utfyllande informasjon frå Olaug Hognaland. Men også dei andre medlemmene i nemnda har gitt meg historiske fakta av ulikt slag. I tillegg fins det faktisk ein del historier i eldre utgåver av Bygdabladet som både utflytta boknarar og andre har skrive. Det som informantane fortalde meg, må nok reknast å vera frå deira eigen oppvekst i 1920 – 1930- åra og fram mot 1960 – 1970-åra.



**Konfirmantkullet 1944**

**Framme frå v.: Margot Vatnaland, Anna Dagsland, Oddveig Boknaberg, Kristine Alvestad, Ragnar Varnes, Borghild Are, Jorunn Andersen, Mary Øvrabø**
**Bak frå v.: Johann Alvestad, Einar Gunnarstad, Harald Våge, Andreas Jøsang, Jakob Vågshaug, Olav Øvrabø, Odd Øvrabø, Tor Alvestad, Lars Vatnaland**

### Barnedåp

Ungane var vanlegvis fødde heime dersom det ikkje var spesielle komplikasjonar. Det var jordmor på Bokn. Var det noko gale, måtte ein kanskje i hui og hast få ei fiskeskøyte til å gå t.d. til Kopervik. Barselfeber var ein frykta tilstand, og fleire døde.

Etter krigen tok dette med heimefødslar slutt litt etter litt, og dei fleste vart fødde på sjukehus.

Det burde ikkje gå lang tid frå fødselen før barnet skulle døypast - helst innan første månad eller så snart som muleg. Det hasta litt med å få barnet døypt. Ein burde heller ikkje gå ut med barna før dei var døypte.

Barnedåp var ei stor høgtid i familien, og alle vart døypte. Det var vanleg å kalla opp. Første gut på gardane vart gjerne kalla opp etter farfar, medan første jente vart kalla opp etter mormor. Dersom ektefellen var død, og mann eller kone var gift på ny, var gjerne første barn kalla opp etter den døde viss det var same kjønn.

Var det fleire barn som skulle døypast, skulle gutane berast først inn i kyrkja, sjølv om dei var yngst. Så jenter etter alderen. Dette heldt fram heilt opp mot 1970.

Transporttilhøva kunne vera vanskelege, særleg vinterstid om dei kom frå Austre Bokn eller frå ytre delar av kommunen. Dersom det var veg, kjørte dei med hest og kjerre fram til kyrkja. Elles måtte ungane berast heimanfrå. Dei vart godt påkledde. Det var skikk at ungane skulle sova i dåpsklærne når dei kom frå kyrkja.
Barnet fekk gåver. Den gåva fadrane ga, vart kalla vitnegåva.

### Konfirmasjon

Konfirmasjonen var tidlegare i oktober når ungdommen var 14 år. Det var noko alle var med på, sjølv om nokon gjekk meir enn 1 år før dei vart konfirmerte.

Det var overhøyring i sjølve gudstenesta konfirmasjonssøndagen.
Det var ei stor høgtid for familien. Nye klær frå topp til tå vart innkjøpt. Også det markerte overgangen frå barn til vaksen. Gutane fekk dress (lange bukser), hatt og frakk, jentene vanlegvis to kjolar. Nr. to var til 2.dags bruk. Jentene kunne nå setja opp håret, mot tidlegare fletter om dei hadde langt hår. Dei fekk også ev. hatt.

Markeringa heime kunne variera frå familie til familie. Oftast var det etterselskap dagen etter.

Forts. neste side...

## Kultur

Forts. fra forige side...

Til middag var det ofte steik. Seinare kaffi og kaker, og til slutt kveldsmat. Av og til kunne dei be nokre ekstra inn til kveldsmåltidet.

Neste preikesøndag var konfirmantane innbedne til nattverd, og for lang tid sidan var det også skriftemål før nattverden. Det føregjekk rett føre nattverden. Det var konfirmantfest arrangert av losjen eller den kristelege ungdomsforeninga.

Her i Bokn var det eit markert skilje frå barn til vaksen ved konfirmasjonen. Du kunne då gå ut med ungdommane. Ved at konfirmasjonen var alt i 14 års alder, kunne det vera veldig stor variasjon i fysisk utvikling på konfirmantane. Dette gjaldt særleg gutane, som først kunne veksa mykje eit år eller to etter dei var konfirmerte.

I neste nr. vil eg skriva om bryllupsfeiring, fødselsdagsfeiring og gravferd.



## Informasjon frå barnehagen

**FRÅ SU I BARNEHAGEN**

Samarbeidsutvalet i barnehagen hadde møte onsdag 17. juni. Dei som møtte var Christine Christiansen, Rannveig Foss Øvrebø, Elise Marie Tollaksen, Tone Børgesen og Dag Halvorsen.

**PLANLEGGINGSDAGANE I BARNEHAGEN**

Mange av foreldra slit med å få til barnepass når barnehagen har sine 5 plandagar. Helst hadde dei ønska at den delen av arbeidet blei lagt utanom opningstida til barnehagen.
Nå er det tariffesta at personalet skal ha planlegginga i vanleg arbeidstid, så me må leite etter andre løysingar. Ei slik løysing kan vere at barnehagen og skulen samkøyrer sine plandagar.

SU gjorde følgjande samrøystes vedtak: "SU ber om at minst 3 av dei 5 plandagane blir lagt på dagar der skulen har plandagar".

**PLASSERING AV PLANDAGANE BARNEHAGEÅRET 2009/10**

Det er alt tatt avgjerd om at ønsket frå SU skal følgjast opp. Frå no av blir plandagane i barnehagen fastlagt for eitt år av gongen slik det blir gjort for skulen, og lagt til fridagar for skuleelevane.
For 2009/10 er dei 5 plandagane lagt til:

**fredag 14. august 2009**
**måndag 16. november 2009**
**måndag 1. februar 2010**
**fredag 14. mai 2010**
**torsdag 24. juni 2010.**

**NB:** Seksjonssjefen kan gi barnehagen høve til å flytte på inntil 2 av dei 5 dagane dersom det kjem viktige kurstilbod for heile personalet som ikkje kan styrast til ein av dei fastsette plandagane.

**KJØKKENASSISTENT**

Foreldra har gjennom SU kome med ønske om kjøkkenassistent i barnehagen. Ønsket er grunngjeve med at det vil frigjere personalet slik at dei kan bruke meir tid på barna. Ein ser for seg ei arbeidstid på 15 timar i veka, 3 timar kvar dag.

Ei slik ordning vil bli ei utgiftsauke på ca 150.000 i året som kommunen må betale. Foreldrebetalinga kan ikkje aukast, den er fastsett av Stortinget.

Det blir hevda frå barnehagefagleg hald at arbeidet med måltida er noko ein nettopp skal gjere saman med barna. Og ser ein på andre barnehagar er det bare dei største som brukar ha ekstra kjøkkenhjelp.

Saka kan bli lagt fram for formannskapet til avgjerd, men rådmannen vil i så fall sannsynlegvis rå frå at ordninga blir innført.

**UTEOMRÅDET I BARNEHAGEN**

SU er ikkje nøgd med uteområdet i barnehagen. Foreldra meiner dessutan at det er for lite, i tillegg til at det har for lite å leike med.
Utviding av leikeområdet, eller andre nye løysingar, må vi la ligge til kommunestyret har bestemt om det skal byggast ein heilt ny barnehage.
Når det gjeld nye tiltak innan for gjerdet, har barnehagen enno ein del på budsjettet å kjøpe for. Så barnehagen blir oppfordra til å kome med vidare planar og ønske.

**FRUKOSTBORD I STADEN FOR MATPAKKEFRUKOST**

SU ber om at matpakka barna har med heimanfrå til frukost, blir bytta ut med eit vanleg frukostbord. Kostnaden for foreldra vil bli kr 12,50 per dag.

Dette framlegget må formannskapet/kom. styret avgjere då det krev takstsauke. Saka vil bli sendt SU og foreldrerådet til uttale før det blir tatt avgjerd

**PARKERING VED HENTING OG BRINGING I BARNEHAGEN**

SU drøfta tryggleiken i trafikkområdet og har to ønske:

SU ber alle som parkerer i skule- og barnehageområdet bidra til tryggleiken ved å rygge når dei parkerer og ikkje når dei skal køyre vekk.

SU ber om at det blir reservert ca 4 oppstillingsplassar på søre delen av parkeringsplassen til henting og levering i barnehagen, og at det blir laga eit fortau i bakkant av desse plassane.

**KJØP AV LEDIG PLASS I BARNEHAGEN**

I vedtektene pkt 15 står det:
**Ledige plassar** Dersom barnehagen grunna fråver, eller av annan grunn, har ledig plass, kan seksjonssjefen stille plassen til disposisjon for barn som har behov ut over fast tildelt plass, eller som har søkt men ikkje fått fast plass. Seksjonssjefen fastsett foreldrebetaling og retningsliner.

SU har etterlyst korleis dette skal praktiserast. Svaret er følgjande:

Når barnet har fast plass 2 eller 3 dagar i veka, kan foreldra ved behov spørje styraren om å få ha barnet i barnehagen ein eller fleire fridagar.
Det er styraren som avgjer om det er forsvarleg å seie ja. Det er ein føresetnad at barnet blir levert og henta på tider som passar inn i rytmen til barnehagen.

Det blir ikkje sett opp fleire reglar enn dette no i starten. Vi får se korleis det fungerer og lære.
Eventuell klage på avslag må vere skriftleg og leverast til styraren som sender klagen vidare til seksjonssjef. Formannskapet er i siste instans klageorgan.

Prisen blir sett til kr 200 per dag for opphald og kr 10 for kost. Styraren melder frå til skulekontoret om slike ekstra dagar. Skulekontoret sender faktura.

Dette gjeld for ein prøveperiode frå 15. august 2009 til 15. januar 2010. Dersom det viser seg at ordninga har uheldige sider, vil den kunne bli endra i prøveperioden.

**SKULEBUSSEN PÅ E39 UTAN BELTE TIL SKULEELEVANE**

Denne saka blei tatt opp som spørsmål i SU i barnehagen. Kva skjer?

Det har vore eit møte (26. mai 2009) mellom representantar for Kolumbus og skuleleiinga der dette spørsmålet blei tatt opp. Kolumbus har ikkje tatt med noko om krav til belte i anbodsdokumenta. Slik sett er det fylkespolitikarane som ikkje har stilt krav når det gjeld tryggleiken til dei som køyrer med skuleskyssen.

Vi prøvde oss med at bussar som køyrer ein så uhellsutsett veg som E39 bør vere prioritert, men svaret blei ikkje uventa at når bussen er gamal nok er det lovleg. Dei trudde dei gamle bussane snart ville gå ut av bruk og at me fekk vente på det.

Spørsmålet er om foreldra vil vente?
Me tek gjerne saka opp på nytt dersom det kjem eit foreldrekrav.



# Offensiv kunstnar

Jardar Havikbotn

**Kjetil Hamre syslar med tankar om bok nr. 3 og å oppretta eit kunstnarfirma.**

Diktaren har opplevd eit formidabelt sal på dei to første bøkene sine, spesielt på det private markedet, dvs. bøker som Kjetil sjølv kjøper av forlaget. Diktsamlinga "Med små bokstavar og korte skritt" og bildediktboka "I ord i bilder" er begge utselde frå forlaget (400 eksemplar av kvar bok). Etterspørselen avgjer om bøkene kjem i nye opplag.

eit bilde, og med seg på fotolaget har han fått med seg forloveden sin, Ina V. Tangen, som er ein dyktig fotograf og har knipsa ein fjerdedel av bildene i boka.

- Ina har vore ein veldig stor inspirasjon og støttespelar i det arbeidet som har skjedd dei to siste åra. Eg tviler på om eg hadde kome så langt og utvikla meg så mykje utan henne, forklarer Kjetil, som synest det er spennande og inspirerande med arbeidene hennar (m.a. linoliumstrykk), og nemner at



**Kjetil Hamre, offensiv kunstnar med store planer.**

- Me får sjå. Lyrikk er "smal" litteratur med ein begrensa lesarskare og vanskeleg å få gitt ut, og ein må sjølv ta ein del av den økonomiske risikoen med å gi ut prosjektet, fortel poeten, som har nokre få eksemplar på lur av bok 1 og 28 stk. igjen av bok 2. På sommarmarknaden i Føresvik 11. juli blir det siste sjanse for folk å få tak i bøkene.

**Ny bok i startfasen**

Bokn kommune (bok 1) og Sparebank 1 SR-Bank Bokn (bok 2) har sponsa desse utgjevingane. Nå er 88 nye bildedikt klare til å danna ei tredje bok, dersom den økonomiske biten kjem på plass. Kjetil nyttar høvet til å nemna at interesserte sponsorar av lokal litteratur kan henvenda seg til han, tlf. 46 8000 96.

I boka, med arbeidstittel "Bok nr. 3" og som er ei lignande bok som "I ord i bilder", er alle dikta skrivne på bokmål og har dermed eit større nedslagsfelt. Forlaget har lyst å satsa litt på Austlandet med ei slik bok.

I desse dagar strukturer skribenten tekstar som skal sendast til konsulent for gjennomlesing. Kvart dikt står til dei ved nokre anledningar har kombinert trykk og tekst.

**Firmastart**

Sambuaren og Kjetil vurderer å starta kunstbedrift i Bokn, i regi av Haugaland Vekst. Forutan Kjetil sine arbeider vil eit slikt firma også innehalda Ina sine arbeider slik at mangfaldet blir større. Dei vurderer også å sjekka prisar hos trykkeri på kor mykje det vil kosta å gi ut bøkene på eiga hand, for å ha full kontroll på layout og fargeval, m.m. Den største investeringa til nå er ein profesjonell printer til over 7.000 kr.

- Men med å gjera dette mistar eg eit forlag, med deira selgarar og tyngde, og står heilt på eigen bar bakke, skyt Kjetil inn, som er litt usikker på kva dei vil gjera til slutt, men reknar det som sannsynleg at dei startar opp, uavhengig av kva slags framtidsutsikter forlaget gir han. Dessutan vil han alltid ha eit behov for å selja bøker han ev. kjøper frå forlaget.

**Eige konsept**

Kjetil har utarbeida "I ord i bilder"-konseptet og sel sjølvproduserte billeddikt i formata A6, A4 og A3 både til næringslivet og det offentlege. Og sjølvsagt kan private også få kjøpa slike. På Coop Marked Bokn får du kjøpt postkort i A6.

Stavanger Universitetssjukehus har t.d. kjøpt 20 billeddikt (A3) og fekk tre på kjøpet. Desse skal rammast inn og henga i korridorane samt i pasientromma på kreftavdelinga. Sjukehuset vil også skifta ut bilder ganske ofte slik at pasientane skal få noko nytt å sjå på heile vegen.

Poeten og fotografen fortel også om andre innan næringslivet som har kjøpt/er interesserte kjøparar.
På sommarmarknaden vil stand frå diktaren og sambuaren sjølvsagt vera på plass. Planen i år er å stilla med datamaskin og stor printer slik at interesserte kan få spesialsydd t.d. fontar og tegnsetting på dikta, og få dei printa ut medan dei ventar, ev. ta i mot bestillingar.

På marknadsdagen får du kjøpt både bøker og bildedikt i fleire format. Det blir også vurdert å gi folk tilbod på innramma bilder.
Marknadsprisar blir 350 kr. for bildedikt i A3, 250 kr. for A4 og 30 kr. i A6-format.

**Brosjyre og webside**

Som eit ledd i den offensive linja overfor institusjonar og bedriftar, er det viktigaste i følgje lyrikaren å få på plass ein brosjyre der dei kan presentera dei viktigaste bildene og tekstane. Nesten like viktig er å laga ei heimeside for verksemda.

Produktiv er 40-åringen også, to manus til ligg i skuffa, ei bunke med dialektdikt og ei med bokmåldikt.
Bygdabladet ynskjer lukke til med alle prosjekta.



Serie

# Kjæledyret mitt

Bygdabladet startar ein ny serie der lesarane kan presentera kjæledyra sine. Forfattarane, som kan skriva på den måten dei vil, skal i utgangspunktet sørga for at ein annan person tar over stafettpinnen til neste gong. Tekstane blir redigerte på vanleg måte før dei går i trykken.

**Vil du vera med?**
Alle lesarar av Bygdabladet, både barn og vaksne, fastbuande i Bokn, eller utanbygds abonnentar som har eit kjæledyr, er velkomne til å gjera denne serien interessant og kjekk å lesa. Interesserte sender ein mail/sms til post@bygdabladet.no/98 22 15 08, eller ringer til kulturkontoret, 52 75 25 08.

**Me håpar på ein variert og koseleg serie som kan vara lenge**

**- redaktøren-**

## Domino

Ida Havikbotn



Hei!
Eg heiter Domino og er ein Hellig Birma. Eg blei født 8. oktober 2007 i Egersund, men vokste opp på Bokn. Eg bur hos familien Havikbotn i Havnavegen 67, og stortrivst.

Eg likar mat ganske godt og likar nesten alt, men min favoritt er leverpostei og smoothie. Mmm, det er knallgodt!
Broren min heiter Diesel og søstera mi heiter Dotcom. Me blei født i D-kullet. Stamtavla mi fortel at det fulle namnet mitt er Domino Player Sølvgrim, men dei kallar meg Domino når eg gjer rampestreker.

Når eg er kosen og ikkje rampete kallar dei meg Bobbo eller Popcorn. Mammen min heiter Beatrix Potter og pappen min heiter King Cross. Han vinn i sånne konkurransar. Me kan på ein måte seia han er motekongen for kattar (det synest eg iallefall).

Eg kan ikkje vera med i konkurransar fordi eg har fargefeil. Eg har ei brun tå så skulle vore kvit, og så har eg ein kvit strek under haka som skulle vore brun.

Eg elskar garn, men får ikkje lov å ta så mange nøster fordi eg surrar dei rundt overalt. Eg likar sokkar og. Eg er grei med andre og kosar meg når det er folk rundt meg. Kaninene til Ida og Simen gjer meg også veldig nysgjerrig.

Veit du kva, ein gong stod vinduet oppe på loftet, og eg ville sjå kva det var der ute så eg gjekk ut. Eg kom på eit tak og det var høgt, men Ida og Simen sa det til mora si, og så kom ho og lokka meg me ei tube. Det er noko kattesnop, det er godt, så då kom eg meg inn i livet heldigvis. Detta har eg gjort nokre gonger nå, hihi-hi…

Eg har gjort noko anna og. Det var sommar og eg gjekk meg ein tur. Då eg kom tilbake oppe på terassen fann eg noko bak ein stol. Eg fann eit glas med smoothie. Eg begynte å slikka Mmm, det var godt, eg slikte heila glaset tomt, så gjekk eg inn og åt vanlig mat (det er godt det og, men smoothie er betre, hihi…).

Men nå har eg ikkje meir eg kan seia om meg sjølv enn HADE!



I neste blad vil Gina G. Johannessen presentera hunden sin, Ariel.

## Bygdabladet for 20 år sidan

### Frå nr. 3 1989

### FLAX FOR 250.000 I KRO

Bokn bygdeblad har ringt opp Solfrid Kro. Ho vann i mars heile 250.000 kroner i flax-lotteriet.

- Kor kjøpte du vinnarloddet?
- Det kjøpte eg på Kopparen.
- Kjøper du lodd kvar månad?
- Nei berre av og til når eg er ute og reiser.
- Kjøper du andre lodd?
- Nei, eg tippar berre av og til lotto.
- Sende du loddet til Bodø?
- Ja, eg sende det reomandert Det gjekk ei veke før eg fekk pengane.
- Kva tenkte du då du såg du hadde vunne?
- Eg syns det var vanskeleg å tru at det var sant. Men det er ende-leg gått opp for meg nå.

Solfrid opplyser t ho ikkje har fått tiggarbrev.

På vårt spørsmål om ho har vanskar med å bruka pengane, svarar Solfrid

- Det er ikkje problem å finna på noko å kjøpa, og det er moro å kunna vera i den situasjonen.

## Omsetning av eigedomar i Bokn kommune

Kjelde: Statens kartverk

**Leirgrovvegen 7** (Gnr 9, bnr 70) er Overdradd fra Harald Bokneberg til Bjørg Bokneberg

(03.04.2009)

Overdragelsen omfat-ter også Gnr 9, bnr 94

**Leirgrovvegen 4** (Gnr 9, bnr 16) er overdradd fra Mikal Våge til Berta Våge

(03.04.2009)

**Gnr 9, bnr 14** er solgt for kr 400.000 fra Bokn kommune til Bygg og Kaianlegg as

(20.04.2009)

**Gnr 11, bnr 285** er solgt for kr 1.000 fra Kjell T Bryningsland til Bjørnar Bryningsland

(12.05.2009)

## Bygdabladet for 20 år sidan

### Frå nr. 4 1989

### BOKN-PROSJEKTET

Plukk frå siste kvartalsrapport

<u>Veg på Susort</u>
Dei siste 200 m ut i Frekasundet er nå ferdig. Bru over Rv.512 på Susort blir starta i juni, og avsluttast i september.

<u>Frekasundet bru</u>
Brua er åpen for nyttetrafikk. Asfalt-dekke vert lagt i vår/sommar.

<u>Veg over Ognøy</u>
Vegen er åpen for nyttetrafikk. Det siste 250 m av strekningen ved A/S Betong sin Brakkeleir vert gjort ferdig i slutten av 1989.

<u>Ognasundet bru</u>
Samtlige arbeid er nå konsentrert om overbygningen. Det vert støypt opp til 15 m pr. veke. Brua skal vera ferdig til 23.12.89.

<u>Veg over Austre Bokn</u>
Store deler av veglinja er ferdig plan-ert. Utlegging av berelag startar i mai, og legging av oljegrus i oktober. Tågane-set bru i krysset mellom Rv. 512 og Fv. 897 vil på det næraste vera ferdig til ferien.

<u>Tunnel Austre Bokn</u>
Tunnelen er nå sikra med boltar og sprut-betong. Det skl monterast ca 100 m sik-ringskvelv på seinsommaren. Lys vil bli montert til hausten.

<u>Boknasundet bru</u>
Aker Entreprenør skal byggja ei 8 spenns betongbru til 30 mill. kr. Ferdigdato er 1 oktober 1990. Tilriggingsarbeid for brakkeleir, krane m.v. er starta.

<u>Veg over Vestre Bokn</u>
Sprengingsarbeid fram til Knarholmen er ferdig. Masseflyttingsarbeid pågår på denne strekningen. Berelag vert lagt ut etter ferien, toppo… i oktober. Alvestadkroken bru vert ferdig i løpet av mai 1989. Sprengningsarbeid mellom Knar-holmen og Arsvågen startar mot slutten av året.

<u>Arsvågen ferjeleie og molo</u>
Planarbeid med oppstillingsplasser og kaisystem pågår.

<u>Framdriftsplan</u>
Åpninga av strekningen frå Susort til Tåganes er avhengig av at A/S Betong fylgjer planen. Dei siste 250 m på Ognøy ved A/S Betong sin brakkeleir må gjerast ferdig etter at dei har rigga NED: Dersom alt klaffar, skal det ikkje gå mange da-gane inn i 1990 før ein kan åpna første samanhengande del av ny Rv. 512. 1. Ok-tober 1990 er foreløpig set som ferdig-dato for heile prosjektet.

Serie

# Songar & tekstar frå Bokn

I forrige blad presenterte me STEVJESONG - GAMAL MANN av Julius Håland. Denne gong er det klart for Anne Tove Øvrebø sin tekst BOKN (NÅR EG DØR).

Denne teksten, som er ein lokal variant av ein amerikansk countrylåt, blei skriven til Bokn kommune sitt 150 års jubileum i mars 2000, der m.a. Anne Tove var gjest saman med Hanne Krogh.

Etter den store jubileumsfeiringa var det snakk om å gjera studioopptak av denne songen samt den ferske Tusenårssongen. Dette blei ikkje gjort i kommunal regi, men Hanne Krogh sørga for at Anne Tove fekk gjera sin song i eit studio på Hadeland same året. Pete Knutsen står for arrangement og innspilling.

Songen er også lagt ut på internett, og i kjølvatnet av ”Team Hanne” og at Anne Tove er lærar på Bokn skule, går fleire av elevane nå rundt med låten på mobiltelefonar og i-pod’ar. Du kan høyra BOKN (NÅR EG DØR) på bokn.no

- redaktøren -



Anne Tove i aksjon 18. mars 2000

**Bokn (når eg dør)**

Når eg dør e der kanskje ingen himmel
- Kim vett om di sleppe fiskarjenter inn
Men e det sånn, la meg komma him te Bokn,
for Boknafjedle e ner te himlen min

Oslo hadde ikkje go nok sjøluft
Stavanger blir kje ein gong rekna inn
Men om eg våkne i mårå snofla neri Vigjå,
så gjer det ingenting for eg e kommen him

Når eg dør e der kanskje ingen himmel
- Kim vett om di sleppe fiskarjenter inn
Men e det sånn, la meg komma him te Bokn,
for Boknafjedle e ner te himlen min

Eg sko kjørt igjønå tunnellar og kolonner
for at Rossabø’n sko få meg te å le
Vel, det varme mær enn solå neri syden,
for sjelå mi e i Homraparken kor enn eg e

Når eg dør e der kanskje ingen himmel
- Kim vett om di sleppe fiskarjenter inn
Men e det sånn, la meg komma him te Bokn,
for Boknafjedle e ner te himlen min
Ja, Boknafjedle e ner te himlen min

**Anne Tove Øvrebø**

## Lokalt

**Ponnytemming i arbeidsuka**
Av Kari Christensen

Ungdomstrinnet på Bokn skole har hatt arbeidsuke i næringslivet første uka i juni.

Fra venstre på bildet Amalie Våga og Ida Grønnestad valgte å jobbe på Krovågen hestesenter på Austre Bokn. De har hatt varierte oppgaver, og en del utfordringer.

Å temme små shetlandsponnier som skal bli nye rideskoleponnier, krever både tålmodighet og en god porsjon stahet.

Jentene har gjort en flott innsats her i Kro denne uka!

Fra venstre på bildet:

Amalie Våga og Ida Grønnestad valgte å jobbe på Krovågen hestesenter på Austre Bokn.



## Ta naturen i bruk, men vis respekt

Av Anne Elisabet Askeland



Foto: Kjetil Hamre

Ta naturen i bruk, ta ansvar for eiga helse og eigen trivsel, men syn likevel respekt for omgivelsane rundt deg!

Det er svært gledeleg at boknarane brukar naturen i Bokn og at dei tek ansvar for eiga helse og eigen trivsel. Arbeidsgruppa Ta naturen i bruk har lagt ned mange arbeidstimar for å gjere naturen lettare tilgjengeleg, bl. a ved å rydda turstiar. Det kjem stadig innspel til korleis ein kan vidareføra dette arbeidet, både når det gjeld vedlikehald av ryddinga, lys-løyper m.m.

Det er kjekt å sjå at stadig fleire skriv navnet sitt i bøkene som er lagt ut på Boknafjellet, Varafjellet og på Boknahåve. Det vert spanande å gjera opp status og å få oversikta over kor mange som totalt sett har tatt turen til eine eller andre toppen; i tillegg vert det spanande å sjå om det er kultur for å ”gå dei 3 toppane!”

Arbeidsgruppa Ta naturen i bruk, ynskjer flest mogleg ut på tur. Samstundes ynskjer gruppa å oppfordre ALLE som tek turen, å respektere omgivelsane- både dei naturgjevne samt dei menneskeskapte.

Med dette vil ein henstilla ALLE om å stengja grinder etter seg der ein møter dei. I denne runden gjeld dette heilt spesifikt grindene mellom kyrkja og Trollskogen (Lamparhaugsvegen). Vi ville ikkje ynskje å miste husdyr frå beite sjølve; det ynskjer vi heller ikkje for naboen vår.

God tur!!

På vegne av Ta naturen i bruk,

Anne Elisabet Askeland

## Vedtak frå politiske møte

### Formannskapsmøte 24.03.09

**029/09: Regional plankoordinator på Haugalandet.**

**Formannskapet vedtok:**

Å slutte seg til ordninga. Kostnader må fordelast etter folketalet.

**030/09: Musikkskule frå hausten 2009 - orientering av seksjonssjef kultur, skule og barnehage.**

**Formannskapet tok orienteringa til etterretning.**

**031/09: Tema/ drøfting av NTP 2010 - 2019. Rogfast.**

**Formannskapet vedtok:**

1.Formannskapet ynskjer eit møte med formannskapet i Rennesøy kommune for å få informasjon om konsekvensane av den høge folketalsutviklinga i kommunen.
2. Formannskapet vil be om eit møte med vegsjefen for n rare informasjon om Rogfast.
3.Etablering av Rogfast i perioden 2013 – 2019 legges inn som ein viktig planforutsetning i det kommande arbeidet med rullering av kommuneplanen.

**034/09: BEREDSKAPSPLAN FOR BOKN KOMMUNE.**

**Formannskapet vedtok:**

Beredskapsplanen blei samrøystes vedtatt med fylgjande merknader og tillegg:

- Rådmannen får fullmakt til fortløpande å oppdatera telefon- og ressurslister.
- Krisesekretariatet lokaliseres til dei kontora som ligg nærast kriseleiinga.
- Navn i ressurslister bli, når det er mogleg, skifta ut med stilling.

**036/09: SØKNAD OM KJØP AV KOMMUNEN SIN EIENDOM GNR.11 BNR.179-ALVESTADKROKEN**

**Formannskapet vedtok:**

Formannskapet gir rådmannen fullmakt til å inngå drøftinger med Sandve trelast a/s med tanke på salg av gnr.11 bnr.179
Et eventuelt salg skal være basert på godkjent reguleringsplan.
Forslag til avtale skal legges fram for formannskapet til godkjenning

forts. neste side...

## Formannskapsmøte 24.03.09

**037/09: Energi- og klimaplan for Bokn kommune.**

**Formannskapet sitt vedtak:**

1. Arbeidet med ny energi- og klimaplan vert starta opp snarast råd.
2. Energi- og klimaplan vert utarbeida som ein temaplan.
